

Eigarskapsmelding

Fræna kommune 2013/2014

1. Målsetting for eigarskapsmeldinga:

1. Skape medvit om Fræna kommunestyre sin eigarstrategi og oppfølging av denne
2. Gi ei samla oversikt over mulige organisasjonsformer for kommunalt eigarskap
3. Gi kommunestyret ei samla oversikt over Fræna kommune sine eigarinteresser.

1.1 Eigarstrategi:

Fræna kommunestyre sin eigarstrategi gir retningslinjer for kva kommunen ønskjer med selskapa. Strategien skal legge grunnlag for tydelige retningslinjer til selskapet. Dette skal for framtida gjerast ved å ha eit særleg fokus på eigarstrategi når vedtekter skal utformast eller revurderast.

Det skal også leggjast vekt på eigarstrategi når dei ulike selskapa skal rapportere til kommunestyret om drift og resultat.

Eigarstrategien vil også gjere at kommunens representantar i dei ulike selskapa kan drøfte eigarstrategi med formannskapet.

1.2 Motiv for eigarskap:

Denne eigarskapsmeldinga tek utgangspunkt i ein føresetnad om at når kommunen etablerer eller blir medeigar i eit selskap, så gjer kommunen det for å oppnå noko.

Følgjande motiv er vanlege for kommunane:

Finansielt motivert eigarskap:

Selskap der motivet er økonomisk utbytte av innskoten kapital og sterk avgrensing av kommunens økonomiske risiko.

Fræna kommune har pt ikkje slike eigarskap.

Effektivisering av tenesteproduksjon:

Selskap der motivet er auka mengd og betre kvalitet på tenesteproduksjon for eit særskilt område.

Typisk døme her er interkommunale selskap (IKS)

Samfunnsøkonomi og regionalpolitisk posisjonering:

Selskap der motivet er å posisjonere kommunen og regionen. Slike selskap kan også medføre nasjonale satsingar og utløyse statlege verkemiddel og nasjonale prioriteringar. Typisk døme her er eigarskap i samferdselsselskap.

Lokal kulturpolitikk og utvikling av lokalsamfunnet

Selskap der motivet ikkje er økonomisk, men meir av lokalpolitisk eller kulturelle interesser; t.d. gode oppvekstvilkår for barn og ungdom.

1.3 Prinsipp for godt eigarskap

1. Aksjonærar/eigarar skal likebehandlast.
2. Det skal vere innsyn knytt til kommunen sitt eigarskap i selskapa.
3. Eigarvedtak skal skje på generalforsamling.
4. Kommunen vil, eventuelt saman med andre eigarar, sette resultatmål for selskapa. Styret er ansvarlig for realisering av måla.
5. Kapitalstrukturen i selskapet skal være tilpassa føremålet med eigarskapet og selskapet sin situasjon.
6. Styresamansettinga skal vere kjenneteikna av kompetanse, kapasitet og mangfald ut frå det enkelte selskapet sin eigenart.
7. Løns- og insentivordningar bør utformast slik at dei kjem fram i verdiskapinga i selskapa og framstå som rimelige.
8. Styret skal ivareta ein uavhengig kontrollfunksjon overfor selskapet si leing på vegne av eigarane.
9. Styret bør ha en plan for eige arbeid og arbeide aktivt med eigen kompetanseutvikling. Styret sitt arbeid skal evaluerast.
10. Selskapet skal være bevisst sitt samfunnsansvar.

1.4 Prinsipp kommunen vil at selskapa skal styrast etter.

Ma den norske staten legg til grunn følgjande område der ein ønskjer å ha meining på selskapsstyringa. Dette er utarbeidd av Norsk Utvalg for Eierstyring og Selskapsledelse (NUES):

1. Regler for eigarstyring og selskapsleiing
2. Forretningsområde(r)
3. Selskapskapital og utbyte
4. Likebehandling av aksjeeigarar og transaksjonar med nærstående
5. Fri omsetning av aksjer
6. Generalforsamling
7. Valkomité
8. Bedriftsforsamling og styre, samansetting og uhildskap
9. Styret sitt arbeid
10. Risikostyring og intern kontroll
11. Godtgjering til styret
12. Godtgjering til leiande tilsette
13. Informasjon og kommunikasjon
14. Overtaking/Oppkjøp/Sal
15. Revisor

1.5 Prinsipp for val av kommunale representantar til styreverv.

KS- Eigarforum at utarbeidd eit hefte ”**Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak.**”
www.ks.no/eierforum

I heftet vert det understreka trongen for heilskap i styra, sikre brei kompetanse på fleire område. Det blir peika på at ein veg å sikre dette på er at AS og IKS har ein eigen valkomite som kan sjå heilskapen i styresamansetjinga.

Elles vert det peika på slike generelle krav til styremedlemmar:

Krav til kompetanse (i styret samla)

- o Kunnskap om aksjelova, IKS-lova, kommunelova, andre relevante lover, føreskrifter og avtalar som har noko å seie for selskapets drift.
- o Kunnskap om selskapet sitt føremål, vedtekter, organisasjon og historie.
- o Kompetanse om private og kommunale rekneskapsprinsipp, evne til å lese økonomiske utviklingstrekk og gjere nødvendige grep når nødvendig
- o Kompetanse på offentlig forvaltning og dei politiske og samfunnsmessige utfordringane til ei kvar tid.
- o Spesialistkompetanse og erfaring på et eller fleire områder som for eks. juss, økonomi, marknadsføring, forvaltning, kommunalkunnskap, teknikk, HMS, leining, organisasjon.
- o Ha kunnskap om trendar og utviklingstrekk innafor bransjen.
- o Ha kunnskap om konkurrerande verksemder

Krav til eigenskapar

- o Glede av, og vilje til å jobbe for, å oppnå gode resultat.
- o Ha glede av å få tilført kontinuerlig kompetanse.
- o Ha mot til å stille kritiske spørsmål til daglig leder og andre i styret.
- o Ha evne til å finne fram til løysningar som styret samla kan gå for.
- o Ha evne til å stille spørsmål utan å ha svaret.
- o Ha evne og vilje til å prioritere tid til arbeidet i styret.
- o Høg integritet, herunder evne til å teie om forretningsmessige transaksjonar og strategiske vedtak.
- o Ha evne til å akseptere at ein ikkje alltid tilhøyrer fleirtalet og dersom noko går galt, fråfalle trongen for å påpeike "Kva var det eg sa"
- o Ha evne til å gi selskapet eit godt omdømme.
- o Ha evne til å tilegne seg spesiell kompetanse om selskapet
- o Akseptere at styreleiar er styret sin talsmann utad

1.6 Fræna kommune sin eigarskapsstrategi.

Kommunen har i dag få eigarskap av ein viss storleik. Ein er likevel med i selskap som har stor verdi for utvikling i kommunen og regionen. Dette gjeld selskap av type IKS Molde og Romsdal Hamn og RIR.

Fræna kommune vil for si deltaking i selskap legge til grunn prinsipp for godt eigarskap og styring etter pkt. 1.3 og 1.4 i eigarmeldinga.

Kommunen vil ved utpeiking av styremedlemmar legge til grunn dei råd som er gitt frå KS-Eigarforum.

Fræna kommune ønskjer å ha ei proaktiv haldning til utøving av eigarskap.

2. Selskapsformer:


Det er ulike selskapsformer som kan nyttast for organisering av kommunale oppgåver ved selskapsorganisering. Formålet ved den kommunale verksemda har mykje å seie for kva selskapsform ein vil velje. Nedanfor blir det gitt ei kortfatta oversikt over dei mest vanlege organisasjonsformene.

Kommunestyret må alltid vurdere følgjande moment:

- Kva rom treng vi for politisk styring? Kva oppnår vi ved val av akkurat denne selskapsforma?
- Får kommunestyret reell styring gjennom representasjonsmodellar?
- Kva økonomisk ansvar får vi?

- Risikovurderingar; økonomisk, marknadsutsikter, miljø og samfunnsikkerheit
- Får vi den kvaliteten vi ønskjer på den kommunale tenesta? Korleis blir forholda for innbygarane?
- Selskapet sin økonomiske fridom; prioriteringar av ressursbruk
- Fleksibilitet – endring av eigarforhold/ samarbeid med private
- Forholdet til forvaltningslov/offentlighetslov
- Statsstøtteregelverket
- Kommuneloven § 80 om selskapskontroll.
- Skatte- og avgiftsmessige forhold
- Er dette lovleg i forhold til Lov om off. anskaffingar?
- Er den arbeidsgjevarepolitiske strategien slik kommunestyret ønskjer det?

Figuren under illustrerer graden av val, styring og kontroll for kommunestyret ved ulike organisasjonsformer.



Når vedtak om val av selskapsform er gjort, må eigarskapet utøves gjennom

2.1 Aksjeselskap (AS)

Fræna kommune har følgjande heileigde aksjeselskap:	
Torabu AS	Fræna Sentrumsutvikling AS

I følgjande selskap eig Fræna kommune mindre enn 100% av aksjane:	
Astero AS Tidl. Bergmoprodukter AS	Samspleis AS
Harøysund Næringspark AS	Ergan Eigedom AS
Muritunet AS	Møreaksen AS
Tusten Tunnelselskap AS	Langfjordtunellen AS
Gassvegen AS	Molde Lufthavnutvikling AS
Kystlab AS	Eigedomsselskapet Norlund AS
Eigedomsselskapet Norlund AS	Bjørnsundruta AS
Snarveien AS	

Rettsleg stilling og lovgjeving for aksjeselskap

Aksjeselskap er regulert i aksjelova av 13. juni 1997 nr. 44.

Selskapet er eige rettssubjekt. Det viktigaste trekket ved aksjeselskapsforma er at aksjeeigarane ikkje er ansvarleg for selskapet sine pliktar anna enn for innskoten kapital. Aksjekapitalen i eit aksjeselskap må vere på minimum kr. 100.000,-

Eit aksjeselskap som ikkje er i stand til å oppfylle pliktar sine, kan takast under konkursbehandling. Eit motstykke til redusert ansvar er at selskapet sine eigarar ikkje rår fritt over selskapet sine inntekter og formue.

Når er denne selskapsforma egna?

Et aksjeselskap er eit eige rettssubjekt og kan ha ein eller fleire deltakarar. Lovgjevinga set ingen grenser for kven som kan vere aksjeeigar i eit aksjeselskap. Selskapsforma kan difor vere tenleg dersom ein ønskjer å ha ulike grupper av eigarar eller legge til rette for at fleire, både fysiske og juridiske personar, kan vere eigarar. Selskapsforma inneber altså fleksibilitet på eigarsida. Innretninga av selskapsforma bygger på den risiko som slik konkurranseeksponert verksemd inneber. Selskapsforma egner seg der kommunen ønskjer å ha eit heilt avklart avgrensa ansvar – til innskoten kapital.

Styrande organ

Generalforsamlinga er selskapet sitt øvste organ. Generalforsamlinga kan treffe vedtak i alle selskapssaker, med mindre lova legg avgjerdsmynde til andre organ. Som øvste mynde for selskapet kan generalforsamlinga instruere andre selskapsorgan, omgjere deira avgjerder eller direkte treffe avgjerd i andre selskapsorgan sine saker med mindre lov på særskilte område fråtek generalforsamlinga deira mynde. Det er gjennom generalforsamlinga aksjeeigarane utøvar det øvste myndet i selskapet. I generalforsamlinga møter kommunen normalt med ein representant. Dette kan vere ordføraren, jf. kommunelova § 9. Dersom ordføraren sjølv ikkje møter, kan kommunen vere representert med ein fullmektig. Kommunestyret kan før generalforsamlinga blir halden treffe vedtak som bind opp representanten si stemmegjeving på generalforsamlinga. I selskap som er heileigd av kommunen, kan kommunestyret bestemme at eit samla kommunestyre skal utgjere generalforsamlinga. Det kan også vedtakast at eit anna utval skal utgjere generalforsamlinga. Det vil likevel vere slik at det må stemmast samla for selskapet sine aksjar når kommunestyret/formannskapet er generalforsamling. Aksjonæravtaler blir ofte brukt for å detaljere forholdet mellom aksjonærane. Aksjonæravtalen kan regulere ulike eigarspørsmål som t.d. stemmerett, fordeling av styreplassar, innsynsrett, innskotsplikt og forkjøpsrett. Styret har det overordna ansvar for forvaltninga av selskapet. Som hovudregel er det styret som tilset dagleg leiar og er denne sin overordna. Dagleg leiar skal styre selskapet etter dei planar, retningslinjer og prinsipp styret har vedteke.

Styring og kontroll

Ein aksjonær har ulike rettar i eit selskap alt etter kor stor del av selskapet vedkomande eig.

For kommunen er det difor viktig at eigardelen er tilpassa kommunen sitt formål med eigarskapet. Dersom kommunen har strategiske målsettingar for eigarskapet sitt, bør kommunen ha kontroll med selskapet ved å eige 50 % eller meir av dei stemmeberettiga aksjane i selskapet. Dersom kommunen ønskjer maksimal fridom over selskapet bør, kommunen eige selskapet fullt ut. Dersom eigarskapet er av meir finansiell karakter, er det ikkje så avgjerande kor stor del av selskapet kommunen eig.

100 % (aksjar og stemmer)

I ein slik situasjon treng ikkje eigaren å ta omsyn til rettar og reglar som elles gjeld for å verne dei andre aksjonærane. Eit heileigd selskap kan sjåast som eit dotterselskap i eit konsern, der kommunen representerer konsernet eller morselskapet.

90 % (aksjar og stemmer)

Dersom ein aksjonær eig over 90 % av aksjekapitalen og stemmene i eit aksjeselskap, kan vedkomande majoritetsaksjonær utløyse dei andre aksjonærane i selskapet med tvang, og konsernbidrag kan bli gitt mellom selskap i konsernforhold.

67 % (stemmer)

Vedtak om endring av eit selskap sine vedtekter krev minst to tredeler av stemmene. Det same gjeld avgjerder om fusjon eller fisjon, vedtak om høgding eller nedsetting av aksjekapitalen, opptak av konvertible lån, vedtak om omdanning og vedtak om oppløysing av selskapet.

50 % (stemmer)

Døme på vedtak som blir fatta med alminnelig fleirtal er val av styremedlemmar, godkjenning av årsrekneskap og vedtak om utdeling av utbytte. Vedtekter og aksjonæravtalar kan regulere behov for breiare, men ikkje snevrare tilslutning ved slike saker.

34 % (stemmer)

Dersom en aksjonær har meir enn ein tredjedel av stemmene, vil denne normalt ha negativ kontroll over mange av dei vesentligaste avgjerdene i selskapet. Særlig gjeld dette vedtektsendringar.

Kommunens økonomiske interesser

Økonomisk risiko i forhold til eigardel i aksjeselskap er direkte knytte til verdien av aksjekapitalen som kommunen har skote inn. Selskapet sine midlar blir disponert av selskapet sitt styre og dagleg leiar. Ønskjer kommunen som eigar av selskapet å ta ut midlar, må dette skje etter aksjelova sine reglar om utdeling av utbytte eller fondsemisjon. Utdeling av utbytte til eigar kan berre skje etter forslag frå styret og må vedtakast av generalforsamlinga. Innanfor ramma av aksjelova kan det gjennom aksjonæravtalen heimlast ytterlegare handlingsreglar for disponering av selskapets overskot. Dette vil vere bindande for styrets innstilling og generalforsamlinga sitt vedtak.

2.2 Kommunale føretak (KF)

(Fræna har ikkje eigne KF.)

Rettsleg stilling og lovgjeving

Kommunale føretak er ein del av kommunen som rettssubjekt og heimla i kapittel 11 i kommunelova. Føretaket er altså ikkje eit eige selskap med rettsleg eller økonomisk sjølvstende. Det kommunale føretaket er ein del av kommunen og er dermed underlagt kommunestyret. Gjennom formålsparagrafen i vedtektene fastset kommunestyret den verksemda føretaket skal drive og den ytre ramma for styret sitt mynde. Kommunestyret kan gjennom vedtektene eller andre typar vedtak gi bindande pålegg til føretaket. Både stifting og oppløysing av kommunale føretak skal vedtakast av kommunestyret.

Når bør denne selskapsforma nyttast?

Reglane om kommunalt føretak tek særleg sikte på å gi eit alternativ for meir sjølvstendig organisering av kommunale oppgåver. Organisasjonsforma blir som regel brukt når både forretnings- og samfunnsmessige omsyn skal ivaretakast.

Styrande organ

Føretaket skal leiast av eit styre med alminneleg mynde til å treffe avgjerdar i føretaket sine saker. Føretaket skal leiast av styre og dagleg leiar. Dette er obligatoriske organ. Dersom ikkje kommunestyret har delegert til anna organ å velje styre i føretaket, er det kommunestyret sjølv som vel styremedlemmane, jf. kommunelova § 62, 2. ledd. Styret har eit overordna ansvar for organiseringa av verksemda i føretaket. Ansvaret for leiing gjeld ikkje berre den forretningsmessige sida av verksemda, men generelt forvaltninga av dei verdiar og oppgåver kommunen har lagt til føretaket. Det er styret og dagleg leiar som opptre på kommunen sine vegne. Etter kommunelova § 69 kan styret sitt sjølvstendige mynde avgrensast ved at ein i vedtektene kan fastsette at bestemte saker må vere godkjent av kommunestyret for å vere bindande for kommunen. Det er styret i føretaket som tilset dagleg leiar. Dagleg leiar står i eit direkte underordnings- og ansvarsforhold til styret som igjen er underlagt kommunestyret.

Arbeidsgjevaransvaret

Dagleg leiar har det overordna ansvaret for dei tilsette i kommunale føretak. Kommunen sin overordna arbeidsgjevarpolitikk legg rammene også for kommunale føretak. Dette gjeld m.a. seniorpolitikk, likestilling, tariffområdet, kompetanse-utvikling. Ved brot i lønnsforhandlingar trer konserntankegangen inn, slik at ved eit brot oppstått i eit føretak, får verknader for heile det gjeldande området i kommunen. Føretaket kan vere medlem av KS Bedrift.

Økonomisk ansvar og risiko

Som ein del av kommunen er føretaket underlagt kommunestyret sitt budsjettmynde. Dette betyr at de kommunale budsjetta set rammer for verksemda i føretaket, og styret er bunde av kommunens budsjett. Slik sett er føretaket sine pliktar også kommunens sine.

Styring, tilsyn og kontroll

Kommunen kan utøve meir styring og kontroll i kommunale føretak enn i sjølvstendige selskap. Forskrift til Kommuneleva gir reglar for årsbudsjett og økonomiplan, og krav til årsrekneskap og årsmelding, perioderapportar, samt krav om KOSTRA - rapportering. Kontrollutvalet skal behandle årsmelding og årsrekneskap frå føretaka før dei vert behandla av kommunestyret.

Kommunale føretak har ei sjølvstendig stilling i forhold til administrasjonen i kommunen. Det inneber at administrasjonssjefen ikkje har instruksjons- eller omgjeringssmynde overfor dagleg leiar. Administrasjonssjefen kan instruere dagleg leiar til ikkje å iverksette eit tiltak eller ei sak før kommunestyret har behandla saka. Administrasjonssjefen kan såleis legge ei slik sak fram for kommunestyret. I saker som føretaka fremmer til kommunestyret har administrasjonssjefen i medhald av kommunelova § 23 ansvar for fullstendig saksbehandling. Administrasjonssjefen skal altså også i desse sakene legge fram si vurdering og innstilling til kommunestyret.

2.3 Interkommunalt samarbeid (IKS kommunelova § 27 selskap)

Fræna kommune er med følgjande §27-samarbeid:	
Molde og Romsdal Hamn IKS	Drift og utbygging av hamner i eigarkommunane.
Kommunerevisjonsdistrikt 2	Interkommunalt samarbeid om revisjon
RIUA Romsdal	Romsdal interkomm. utval mot akutt forureining
Tøndergård skole	Interkommunal internatskole
Romsdalshalvøyas Interkommunale Renovasjonsselskap (RIR)	Interkommunalt samarbeid om transport og behandling av avfall
Gass ROR IKS	IKS: Utvikle ringverknader frå gassterminalen på Nyhavna – Fond finansiert av eigedomsskatt.
IKT Orkide (ikkje registrert som eige selskap)	Samarbeid om drift og innkjøp av IKT-system. 11 kommunar på Nordmøre og 2 i Romsdal. Kommunestyret utpeikar styremedlem m/vara.
Krisesenteret for Molde og Omegn IKS	Drift av lovfesta krisesenter
Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal - IKA	Sikring og bevaring av eldre akrivmateriale. Kompetansesenter på arkivteneste.
Møre og Romsdal 110 Sentralen KF	Felles sentral lokalisert i Ålesund for 110 om brann, redning og akutt forurensning for 36 kommuner i Møre og Romsdal

Rettsleg stilling og lovgjeving.

Samarbeid mellom fleire kommunar og/eller fylkeskommunar kan organiserast som interkommunalt selskap etter lov av 29. januar 1999 nr. 6. Lova heimlar at interkommunale selskap er eigne rettssubjekt, som både rettsleg og økonomisk er skilt frå kommunane. Selskapet har si eiga formue og sine eigne inntekter, og svarer sjølv for sine pliktar. Det er selskapet

sjølv som inngår og er part i avtalar og har partsstilling i rettssaker og overfor forvaltningsstyresmaktene.

I kva samanhengar kan denne selskapsforma brukast?

I eit interkommunalt selskap kan berre kommunar og fylkeskommunar vere deltakarar. Lovpålagte oppgåver, samt tenester der det kan vere rekningsssvarande og strategisk å løyse oppgåvene felles er døme på verksemd som eignar seg for denne selskapsforma.

Tilsvarende gjeld regionale utviklingsoppgåver, prosjekt og anlegg. Dersom ein legg oppgåver med utøving av mynde og forvaltningsoppgåver til eit IKS, vil dette krevje overføring av mynde til det interkommunale selskapet. Det kan vere avgrensing i særlovgeving som gjer at kommunestyret ikkje kan delegere slik mynde. Slike vurderingar må gjerast i forhold til at selskapet er eige rettssubjekt.

Styrande organ

Selskapet sitt øvste mynde ligg hos representantskapet. Representantskapet er eigarane sitt organ, og deltakarkommunane sitt eigarmynde vert utøvd av representantskapet. Dette inneber at den einskilde deltakarkommune ikkje kan utøve eigarmynde direkte overfor selskapet sitt styre eller administrasjon. Kvar deltakarkommune skal ha minst eitt medlem i representantskapet. Deltakarkommunane kan gjennom representantskapet treffe vedtak som bind styret, og det kan omgjere vedtak som styret har fatta. Gjennom ei rekkje bestemningar legg lova om interkommunale selskap særlege oppgåver til representantskapet. Dette gjeld fastsettinga av rekneskap, budsjett, økonomiplan og val av revisor, samt vedtak om sal eller pantsetting av fast eigedom eller andre større kapitalinvesteringar, eller vedtak om å gjere investeringar som er av vesentlig betydning for selskapet eller ein eller fleire av deltakarane. Av lova går det fram at det skal utformast ein selskapsavtale (vedtekter) og lova set opp minimumskrav til innhald. I selskapsavtalen kan det dessutan fastsettast at visse saker som elles høyrer innunder styret sitt forvaltningsmynde, må godkjennast av representantskapet. Samla sett gir desse bestemmingane deltakarkommunane i utgangspunktet større innflytelse over styringa av selskapet enn det aksjelova gir deltakarane i eit aksjeselskap. Denne utvida innflytelsen har først og fremst samanheng med selskapsdeltakarane sitt uavgrensa ansvar for selskapet sine forpliktingar. Når deltakarane tek på seg eit større ansvar er det også naturleg at styringsmyndet vert utvida. Det vil også vere mulig å auke eigarane si styring og kontroll ved t.d. å regulere i ein eigaravtale at nærare spesifiserte saker må behandlast av representantskapet (eigarorganet). I ein eigaravtale vil deltakarinteressene i selskapet kunne tydeleggjerast og det kan påleggast representantskapet å utføre og å føre tilsyn med visse styringsoppgåver overfor styret; t.d. krav om interne kontrollsystem, økonomistyringsreglar, strategiutvikling og finansforvaltning. Eit interkommunalt selskap skal ha eit styre og ein dagleg leiar som står ansvarleg for forvaltninga av selskapet. Det høyrer under styret å forvalte selskapet på vegne av deltakarkommunane. Styret leiar selskapet si verksemd og det har ansvar for at dei verdiane som deltakarane har i selskapet, blir brukt forsvarleg og i tråd med formålet for selskapet. I forvaltninga av selskapet er styret underlagt representantskapet, og det må fjølge vedtak og retningsliner som dette fastset. Styret sitt forvaltningsmynde må vidare utøvast innanfor ramma av selskapsavtalen og selskapet sitt årsbudsjett.

Arbeidsgjevaransvaret

Dagleg leiar blir tilsett av styret med mindre det er vedtektsfesta at dagleg leiar skal tilsettast av representantskapet. Tilsette har selskapet som sin arbeidsgjevar og dagleg leiar som øvste administrative leiar. Utvikling av arbeidsgjevarpolitikk ligg til dersom ikkje anna er bestemt i selskapsavtalen. Lov om interkommunale selskap regulerer tilsette sin representasjon i styret.

Kommunen sitt økonomiske ansvar og risiko

Et særtrekk ved interkommunale selskap er at kvar av deltakarane har eit uavgrensa ansvar for ein viss prosent eller ein brøkdell av selskapet sine samla plikter. Dette skil interkommunale selskap frå aksjeselskap, der deltakaransvaret er avgrensa. Gjennom selskapsavtalen kan ansvaret avgrensast. Samla skal deltakarane sine ansvarsdelar utgjere selskapet sine samla pliktar. I selskapsavtalen kan det heimlast rom for å bygge opp fond for

gjennomføring av investeringar og til nødvendig driftskapital. Fondsoppbygginga skal stå i forhold til selskapet sine oppgåver og pliktar. Av Lov om interkommunale selskap § 29 følgjer det at representantskapet kan vedta utdeling av selskapet sine midlar etter forslag frå styret eller med styrets samtykke. Det kan skje etter at rekneskapet for siste rekneskapsår er fastsett.

Styring, tilsyn og kontroll

Av forskrifter til lov om interkommunale selskap følgjer regler om årsbudsjett og økonomiplan, og krav til årsrekneskap og årsmelding. Av forskriftene følgjer også regler om periodevis rapportering, samt krav om KOSTRA – rapportering. Av lov om interkommunale selskap § 18 følgjer det at selskap der deltakarane betaler tilskot, er selskapets budsjett ikkje endelig før deltakarkommunane sine budsjett er behandla jf. kommunelovens § 45 nr. 4.

Av dette følgjer det at representantskapet sitt budsjettvedtak ikkje er endelig før deltakarane har avslutta sin økonomiplanbehandling ved utgangen av året.

2.4 Vertskommunesamarbeid

Ut i frå det som står i tek ein med ei oversikt over vertskommunesamarbeid. Dette vert ikkje omtala nærare seinare i meldinga. Det spesielle med vertskommunesamarbeid er at ei kommune utfører oppgåver på vegne av fleire. Rettsleg er dette avklart i kommunelova §§ 28 a og b. I praksis fungerer dette slik at ei kommune har juridisk, økonomisk og arbeidsgjevaransvar for tenesta. Tilhøvet til deltakande kommunar er løyst gjennom avtale. Det kan avtalast vekslende grad av medverknad, men i utgangspunktet overlet ein ansvaret for tenesta fullt ut til vertskommunen. Risikoen ved denne type samarbeid er knytt til at kommunen gir frå seg politisk og administrativ styring av tenester.

Av type tenester der ein ofte nyttar denne samarbeidsforma, kan nemnast barnevern, spesialpedagogiske tenester og landbruk.

Fræna kommune har ansvar for	
Skatte- og arbeidsgjevaravgift	Eide og Fræna
Landbrukskontor	Fræna og Aukra
Skogbruk	Fræna, Aukra og Eide
Fræna kommune kjøper	
Rekneskapsarbeid	Eide og Fræna
Trekkontroll	Molde
PPT	Eide
Psykiatritenester	Eide

2.4 Stiftingar

Fræna kommune er med i følgjande stiftingar:
Stiftelsen Ergan
Romsdalsmusséet
Fræna Boligstiftelse
Søre Fræna Boligstiftelse
Stiftelsen Hustad og Farstad eldreboliger

Rettsleg stilling og lovgjeving

Stiftelse er regulert i stiftelsesloven av 15. juni 2001 (trådte i kraft 1. januar 2005). Ein stiftelse skil seg frå de andre selskapsformene ved at den ikkje har eigarar eller deltakarar. Stiftelsen er sjølvvegande. Når stiftelsen først er oppretta har stiftarane ikkje lenger råderett over formuesverdien som er overført stiftelsen.

Er stifting egna for kommunen?

Ein stiftelse vil kunne vere ei egna organisasjonsform for løysing av bestemte oppgåver som ein ønskjer å skilje ut og gi fullt sjølvstende. Sidan ein stiftelse ikkje kan ha eigarar, kan ei kommune ikkje øve innflytelse i stiftelsen på grunnlag av eigarskap. Dette kan framstå som ei betydelig ulempe, men samtidig gi muligheit for å sikre verdiar under skiftande forhold. Lovverket for stiftelse er dei siste åra blitt ein del endra. Reglane for avvikling av stiftelse er komplekse. Både styret og stiftarane må godkjenne avviklinga. I tillegg blir det stilt krav om godkjenning hos Stiftelsestilsynet før den formelle avviklinga kan finne stad.

Styrande organ

Stiftelsen blir leia av eit styre oppnemnt i tråd med vedtektene for stiftelsen. Stiftelsen må ha eit bestemt formål, og blir vurdert som uegna dersom kommunen ønskjer noko form for styring, innflytelse eller kontroll.

2.5 Andelslag (AL)

Fræna kommune har innskoten kapital i følgjande aksjelag:
Skaret Skisenter BA
Fræna stadion AL
Biblioteksentralen AL

Denne selskapsforma kan brukast når formålet er å fremme eigarane sine forbruksmessige eller yrkesmessige interesser.

Krav til samvirkeselskap/andelslag (BA):

Stifting skjer på et stiftingsmøte der stifterane vedtek vedtekter og vel styre og revisor.

For å få selskapet registrert som eit BA, må det fremgå av vedtektene at deltakerne i tillegg til å eige selskapet også skal bruke selskapet; prinsippet om samhandling mellom eigar og selskap.

Utbyte skal fordelast i høve til deltakarane sin bruk av selskapet (ikkje i høve til kapitalinnskot som i et aksjeselskap). Ved avstemning har kvar deltakar éin stemme (medan kvar aksje har éin stemme i eit aksjeselskap).

Deltakarane sitt ansvar for selskapet er avgrensa til innskotet i selskapet akkurat som i eit aksjeselskap. Selskapsforma er ikkje detaljregulert i spesiallov. Stiftarane har ein viss fridom i utforminga av vedtektene. Det er ingen krav til minimumskapital ved etableringa. Stiftarane kan bestemme kva kapital som er naudsynt. Full rekneskaps- og revisjonsplikt inntreer først ved omsetning over 5 mill. kr. Skattereglene er som for aksjeselskap med unntak av ei anledning til å avsette 15 % av overskotet til felleseigd andelskapital skattefritt. I eit BA er det lett å ta inn nye deltakere.

2.6 Anna interkommunalt samarbeid.

Dette gjeld samarbeid der ein har selskaps form, men ikkje har registrert eigne rettssubjekt/organisasjonsnr. Samarbeida er organisert gjennom administrative faggrupper, ei kommune tek ansvar for rekneskapsføring og kostnadane vert fordelt etter fastlagte nøklar.

Samarbeida er interessante i eigarskapssamanheng fordi dei ofte omhandlar vesentlege delar av den kommunale drifta, og ein bør vere bevist på korleis ein best organiserer slikt samarbeid.

Nordmøre Interkommunale Innkjøpssamarbeid	Felles innkjøpssamarbeid. 11 kommunar på Nordmøre og Fræna
Partnerskapsforum God Helse	Fylkeskommunen og kommunane samarbeider om førebyggjande helsearbeid som Frisklivssentralane.
Nordmøre og Romsdal Friluftsråd	Arbeider med utbygging/vedlikehald av og tilgong til friluftsområder .

3. Oversikt over Fræna kommune sine eigarinteresser

3.1 Aksjeselskap (heileigde)

INFORMASJON OM SELSKAPET	
<i>Torabu AS</i> Selskapsform: Aksjeselskap Org.nummer:975 961 796 Dagleg leiar: Ola Kallmyr Adresse: 5443 Tornes i Romsdal	
EIGARAR	
Fræna kommune 100%	
VEDTEKTSFESTA FORMÅL	
Selskapet har som føremål å drive med produksjon, produktutvikling, tenesteytande arbeid, salsverksemd og anna næringsverksemd og det som måtte stå i samanheng med dette, som skal gje grunnlag for sysselsetting og personleg utvikling av yrkeshemma etter funksjonsnivå.	
STYRE, GENERALFORSAMLING	
Styre:	
Styrets leder	Magne Sandvik Varamedlem Jan Morten Grimstad Dale
Nestleder	Kari Petrine Meek Corneliusen Varamedlem Modulf Gjelsvik
Styremedlem	Inger Marie Dale
Styremedlem	Arild Inge Kjersem
Styremedlem	Oddny Helene Mahle Drejer
LØN DAGLEG LEIAR , STYREHONORAR	
Lønn daglig leder pr. år 581.000.	
RAPPORTERING TIL KOMMUNEN	
Budsjett, regnskap og årsmelding	
KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI, FORVENTNINGAR TIL EIGARSKAPET	
1. Eigarskapet er langsiktig og samfunnsøkonomisk (sosialpolitisk) motivert. 2. Forventning om at selskapet leverer allsidig arbeidstrening av høg kvalitet.	

INFORMASJON OM SELSKAPET	
Fræna sentrumsutvikling AS	
Selskapsform: Aksjeselskap	
Org.nummer: 980 765 806	
Dagleg leiar: Harry Hestad	
Adresse: 6440 Elnesvågen	
EIGARAR	
Fræna kommune 100%, aksjekapital 1.788.000. Egenkapitalen er negativ med – 3.505.000.	
VEDTEKTSFESTA FORMÅL	
Erverv, utvikling og drift av fast eiendom og hva dermed står i forbindelse, herunder deltagelse i andre selskaper med lignende formål	
STYRE, GENERALFORSAMLING	
Styre:	
Styrets leder	Per Øverbø
Styremedlem	Arild Inge Kjersem
Styremedlem	Ragna Kristin Brenne Bjerkeset
Styremedlem	Mary Ann Samuelsen Naas
Styremedlem	Olav Terje Flataker
Varamedlem	Sofie Elisabeth Hermann Brekken
Varamedlem	Oddgeir Kato Dahle
Varamedlem	Odd Erik Bergheim
LØN DAGLEG LEIAR , STYREHONORAR	
RAPPORTERING TIL KOMMUNEN	
Budsjett, regnskap og årsmelding	
KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI, FORVENTNINGAR TIL EIGARSKAPET	
<ol style="list-style-type: none"> 1. Eigarskapet er motivert ut i frå å få hand om sentrale areal i sentrum som i planverket ma er avsett til utbyggingsføremål. 2. Avhende areal som ikkje skal nyttast til offentlege føremål. 	

3.2 Aksjeselskap deleigde med meir enn 50%.

INFORMASJON OM SELSKAPET	
Eigedomsselskapet Eiendomsselskapet Norlund AS	
Selskapsform: Aksjeselskap	
Org.nummer: 930 925 357	
Dagleg leiar: Georg Viktor Iversen	
Adresse: V/Georg Iversen, 6440 Elnesvågen	
EIGARAR	
Fræna kommune 99,33%, Georg Viktor Iversen 0,67%. Aksjekapital 300.000.	
VEDTEKTSFESTA FORMÅL	
Eige bygg for utleige (Kommunens administrasjonsbygg)	

STYRE, GENERALFORSAMLING**Styre:**

Styrets leder	Arve Hans Otterlei	Varamedlem	Per Sigbjørn Øvermo
Styremedlem	Liv Anne Stavik	Varamedlem	Svanhild Mykløy
Styremedlem	Arild Inge Kjersem	Varamedlem	Aud Solveig Pedersen Malmedal

LØN DAGLEG LEIAR , STYREHONORAR

Kr. 152.000.

RAPPORTERING TIL KOMMUNEN

Årsmelding, rekneskap, generalforsamling.

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI, FORVENTNINGAR TIL EIGARSKAPET

Selskapet er under avvikling

INFORMASJON OM SELSKAPET

Harøysund Næringspark
Selskapsform: Aksjeselskap
Org.nummer: 989 830 694
Dagleg leiar: Ragnar Johansen
Adresse: 6444 Elnesvågen

EIGARAR

Fræna kommune, 60%, Istad 15%, Molde kommune 10%, Eide kommune 10% og Aukra kommune 5%.

VEDTEKTSFESTA FORMÅL

Bedriftsrådgivning og annen administrativ rådgivning

STYRE, GENERALFORSAMLING**Styre:**

Styrets leder	Kjell Lode	Varamedlem	Torgeir Olav Martinussen
Nestleder	Audhild Mork	Varamedlem	Per Sigbjørn Øvermo
Styremedlem	Geir Einar Solemdal	Varamedlem	Kolbjørn Norvall Gaustad
Styremedlem	Ragnar Arnfinn Johansen	Varamedlem	Geir Tore Vestad
Styremedlem	Mali Grotli Gundersen	Varamedlem	Lars Hollingen
Styremedlem	Ståle Inge Nogva	Varamedlem	Jarle Lerøen
Styremedlem	Thor Jostein Grythaug	Varamedlem	Frank Gerald Lien

LØN DAGLEG LEIAR , STYREHONORAR

Det er ikkje løn til dagleg leiar.

RAPPORTERING TIL KOMMUNEN

Styreprotokollar, Årsberetning, Rekneskap

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI, FORVENTNINGAR TIL EIGARSKAPET

Eierskapet er samfunnsøkonomisk motivert.

INFORMASJON OM SELSKAPET

Ergan Eiendom
Selskapsform: Aksjeselskap
Org.nummer: 985 338 159
Dagleg leiar: Harry Hestad
Adresse: C/O Fræna Kommune
6440 Elnesvågen

EIGARAR

Fræna kommune 63,77%, Bud Fræna og Hustad Sparebank 36,23%.Aksjekapital 12.135.000.

VEDTEKTSFESTA FORMÅL

Eige bygningen for vidareutleige til ma Bud Kyt-smiljø-senter

STYRE, GENERALFORSAMLING**Styre:**

Styrets leder	Ingve Drågen	Varamedlem	Kjell Arne Iversen
Nestleder	Harald Mahle	Varamedlem	Kirsti Irene Eide
Styremedlem	Björg Ragnhild Østerbø	Varamedlem	Aud Peggy Holten Havnes
Styremedlem	Per Magne Sæterøy	Varamedlem	Annhild Viken Sunde
Styremedlem	Arne Jakob Stavik	Varamedlem	Christian Sollid

LØN DAGLEG LEIAR , STYREHONORAR**RAPPORTERING TIL KOMMUNEN**

Styreprotokollar, årsmelding Rekneskap. Generalforsamling

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI, FORVENTNINGAR TIL EIGARSKAPET

Eierskapet er samfunnsøkonomisk motivert.

3.3 Aksjeselskap der kommunen har ein eigardel **under 50%**

INFORMASJON OM SELSKAPET
Kystlab AS Selskapsform: Aksjeselskap Org.nummer: Org nr 986 208 933 Dagleg leiar: Svein Erik Haugmo Adresse: 6422 MOLDE Nettadresse: kystlab@kystlab.no
EIGARAR
Nvfh AS 43,83% (kontrollert av oppdrettsfirmaet Villagrappa), 12 kommunar i Romsdal og på Nordmøre, herav Molde 15,22% og Fræna 5,71.
VEDTEKTSFESTA FORMÅL
Drive labatorie inn mot næringsmiddel, kvalitetskontroll, vassprøver mm.
STYRE, GENERALFORSAMLING
Styre: Styrets leder Ola Krogstad Varamedlem Berit Øren Styremedlem Ola Steinar Smeby Varamedlem Torild Lundgard Johnsen Styremedlem Toril Hovdenak Styremedlem Audun Kåre Gangstad Styremedlem Sylvi Finnvik Styremedlem Gro Anita Nordhaug
LØN DAGLEG LEIAR , STYREHONORAR
Kr. 650.000 i 2011,
RAPPORTERING TIL KOMMUNEN
Generalforsamling, årsrapport, rekneskap.
KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI, FORVENTNINGAR TIL EIGARSKAPET
Eierskapet var motivert for å sikre tilgong til kommersielle tenester som ikkje blei vidareført av Mattilsynet. Kommunen bør vurdere om eigarskap her er naturleg. Det pågår ei utviding av kapitalen der Fræna ikkje er med.

INFORMASJON OM SELSKAPET
